

Referat frå FAU-møte på Naustdal skule den 10.11.2025

Til stades:

Kjersti Instebø Garfors (FAU-leiar og representant for 5. trinn), Kjetil Veien (FAU-nestleiar og representant for 4. trinn), Mona Flæten (FAU-styremedlem og representant for 2. trinn), Hanna de Groot (FAU-styremedlem og representant for 3. trinn), Iris Ylvisåker (1. trinn), Anett Horstad (1. trinn), Ingunn Vonen (2. trinn), Lena Vefring (4. trinn), Marius Ramberg (5. trinn), Silje Skilbrei (6. trinn), Hanne Gjerde (7. trinn), Linda Åmelfot (7. trinn), Geir Ole Laberg (8. trinn), Karen Marie Reiakvam (9. trinn), Randi Storehaug (6. og 10. trinn).

Saker:

1. Smarttelefonfri barndom

FAU-vedtak: Det er samrøystes vedteke at FAU skal arbeide for at alle barn ved Naustdal barneskule får ein barndom utan smarttelefon innan 2030. FAU ønskjer at flest mogleg føresette skal forplikte seg til å utsetje at elevane får smarttelefon til dei er ferdige med barneskulen. Vi vil starte med føresette for elevar som går på 1. og 2. trinn dette skuleåret, men vil også oppmode føresette ved høgare trinn om å vere med dersom dei ønskjer det. Sjå meir informasjon på smarttelefonfribarndom.no.

2. Skjermrettleiar

FAU-styret har utarbeidd ein rettleiar for skjermbruk for foreldre på Naustdal skule, som er basert på ei spørjeundersøking gjennomført blant foreldre på Naustdal skule i juni 2025. Der kom det fram at det var eit stort ønskje om ein felles skjermrettleiar for foreldre, slik at heimane kan ha meir like reglar for borna sin skjermbruk. Rettleiaren vart gjennomgått, og det vart gjort små justeringar kring tidspunkt for når ein bør avslutte digital kontakt med medelevar om kvelden. FAU-vedtak: Det er samrøystes vedteke at vi ønskjer å ta i bruk denne skjermrettleiaren for foreldre på Naustdal skule. Skjermrettleiaren er vedlagt i eige dokument.

3. Kostråd for skulemat

FAU ønskjer at Naustdal skule skal ha fokus på sunn og næringsrik mat og drikke for å legge til rette for god helse hos borna, betre konsentrasjonsevnen, samt førebyggje overvekt og livsstilssjukdommar. Dei fleste born et søtsaker og anna usunn mat langt meir enn hundre dagar i året. Skulen føregår på kvardagar, og vi ønskjer ikkje at skulen skal vere ein arena for usunn mat. Vi har difor utarbeidd råd for mat på skulen som tek utgangspunkt i Helsedirektoratet sine kostråd. Kostråda gjev tydelege råd om å avgrense godteri og snacks, og rådar til å skilje mellom kvardag og helg.

På FAU-møtet har vi på nytt gjennomgått kostråda for skulen med utgangspunkt i tilbagemeldingar som har kome frå foreldre. Det har kome tilbagemeldingar om at det er positivt med kostråd, men at det kan opplevast for strengt å ikkje få lov til å ha med kakao på skidag i Instedalen, der det kan vere veldig kaldt. Vi blir difor einige

om at elevane kan få lov til å ha med kakao på den årlege skidagen i Instdalen. Dei andre avgrensingane blir ståande grunna svært mange andre dagar i året med usunn mat. Det understrekar at kostråda er tydelege oppmodingar og rettleiing til foreldre, lærarar og elevar. Kostråda er ikkje strengt påbode å følgje, men ein ønskjer at flest mogleg følgjer råda til det beste for borna si helse. Dess fleire som følgjer kostråda, dess lettare blir det for andre å følgje dei. Kostråda er samrøystes vedteke på FAU-møtet. FAU ønskjer at lærarar, elevar og føresette får informasjon om desse råda, og kvifor vi ønskjer å ha kostråd ved Naustdal skule. Det kan bli aktuelt for elevane å lære meir om kostråda i Helseveka. Vi ønskjer også at lærarane følgjer desse råda, slik at det blir likt for alle klassar. Det er viktig med ein god prosess for at kostråda skal bli implementerte på skulen. Kostråda vil bli tema i både elevrådet og på SMU-møte. Kostråda er vedlagt i eige dokument.

4. Trampoliner ved Naustdal skule. To av trampolinene er øydelagte. Marius Ramberg og Lena Vefring har undersøkt saka, og orienterer. Det kostar 49 000 kr + moms + frakt per trampolineduk. Totalt blir det 125 000 kr for begge trampolinene. Vaktmeisteren kan montere dei. Vi manglar pengar. Det planleggast å søke om spelemiddel, som kan dekke inntil 50% av summen. Ein kan i tillegg søke Sparebankstiftinga om pengar. Marius og Lena vil følgje opp saka vidare.